

Arkiv: <arkivID><jplD> FA-U01, FE-233
JournalpostID:
Sakshandsamar:
Dato: 13.06.2021

Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
066/21	Utval for næringsutvikling og drift	22.06.2021

Søknad til Næringsfondet 2021. Asfaltpartner AS - Markedskampanje bærekraftig asfaltreparasjon

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Prosjektet *Markedskampanje bærekraftig asfaltreparasjon* blir ikkje tildelt midlar frå næringsfondet i Alver kommune.

Utval for næringsutvikling og drift 22.06.2021:

Handsaming:

Utvalet vedtok samrøystes rådmannen sitt framlegg til vedtak.

ND- 066/21 Vedtak:

Prosjektet *Markedskampanje bærekraftig asfaltreparasjon* blir ikkje tildelt midlar frå næringsfondet i Alver kommune.

Politisk handsaming

Saka skal avgjerast i utval for næringsutvikling og drift.

Bakgrunn

Asfaltpartner AS er eit aksjeselskap. Bransje: 42.110 Bygging av veier og motorveier. Registrert 05.10.2006. Kjelde: Proff.no

Saksopplysninger:

Asfaltpartner reparerer asfalt hol og sprekkar i heile Vestland med utgangspunkt i Alver kommune. Verksemda brukar ein innovativ metode med sveising som gjer eit varig resultat.

Prosjektleveranse/Målsetting

Verksemda skal gjennom ny strategi jobbe meir mot den offentlege marknaden. Dette er ein stor marknad, i tillegg til at det i NTP er avsett store summar til vedlikehald av fylkesvegnett. I samband med dette skal det utarbeidast informasjonsmateriell til bruk for samarbeid med offentlege sektor.

Prosjektøknaden omhandlar marknadsføring ved hjelp av brosjyremateriell og filmproduksjon.

Prosjektøkonomi.

Prosjektnamn	Pr. kostnad	Søknadssum	Framlegg
Markedskampanje bærekraftig asfaltreparasjon	140 000	70 000	0

Vurdering

Søknadar til næringsfondet i Alver blir vurdert ut frå føremål og målsettingar i vedtektene. Det blir gjort ei heilskapleg skjønsvurdering ut frå prosjektet sitt bidrag til vekst, innovasjon og auka sysselsetting i kommunen. I tillegg blir det lagt vekt på at det er avgrensa med midlar i fondet.

Søknad om støtte prosjektet får ikkje tildelt økonomisk støtte frå næringsfondet i denne omgang. Denne avgjerda er gjort ut frå ei totalvurdering av prosjektet.

Vedlegg i saken:

15.06.2021	21_Asfaltpartner_soknad-2021-0081_27 apr 2021	1572646
15.06.2021	21_Asfaltpartner_Søknad_Vedlegg_27 apr 2021	1572647